



Stig Børsheim opptredde nyleg på Oska. No har han gjeve liknande konsert til TV-aksjonen.

I samband med TV-aksjonen er det kvart år ei rad auksjonar til inntekt for det gode føremålet. I år går som kjent inntektene til Røde Kors sitt arbeid. Blant det som vert auksjonert ut i år, er ein intimkonsert med Stig Børsheim og Olav H.Hauge- programmet som nyleg fekk så god mottaking for på Oska her i Uskedalen.

Konserten er akkurat lagt ut på QXL.no, og det er berre å [gå inn her og leggja inn bod](#).

I omtalen kan vi mellom anna les dette:

'Stig Børsheim kom i vår ut med cd`en Nokre fåe songar, der han har tonesatt dikt av den store dikteren, Olav H Hauge. På albumet kan en høre diktet 'Det er den draumen', som nylig ble kåret til norges mest populære dikt. Man kan også høre diktet 'I cella' som ble funnet etter Hauges bortgang og er ikke gitt ut i noen av diktsamlingene hans. Albumet kan høres i sin helhet på Spotify og andre strømmetjenester. Intimkonserten må helst foregå i Oslo region, hvis ev bud kommer fra andre deler av landet, må budgiver dekke reise kost og losji for 2 personer. Intim konsertens tidspunkt må avtales mellom budvinner og Stig Børsheim og konserten må skje innen 23.februar 2017.'

I tillegg kan vi også lesa [omtalen som uskedalen.no hadde etter konserten](#). Eit flott tiltak frå Stig Børsheim, og no får vi håpa at boda haglar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Vidar Haugland